



Andreas Røssland med den største fangsten i Uskedalselva i år. (Foto: Martin Fykse)

**Fiskesesongen i Uskedalselva har hatt ein god start. Det er eit inntrykk som vart ytterlegare forsterka torsdag ettermiddag, då Andreas Røssland, som bur på Sunde, fekk ein laks på 7,2 kilo i Djupehølen. Den flotte fisken var 96 centimeter lang.**

Røssland fekk han ved 16-tida etter å ha fått to aurar på halvannen kilo litt lenger oppe tidlegare på dagen. Det er tydeleg at regnet og den aukande vassføringa gjer fiskane meir bitevillige og det ligg an til ei god fiskehelg med det veret som er varsla.

Røsland har fiska mykje andre stader, både i elvar og på fjellet, men dette er første gongen han prøver lykka i Uskedalselva. Og det blir sikkert ikkje den siste!

Av Ola Matti Mathisen



Fangsten torsdag omfatta også to fine aurar. (Foto:Martin Fykse)